

Fylkesmannen i Hordaland

## Tilsyn med kommunens krisesentertilbud 2018

| Informasjon om innsendar             |
|--------------------------------------|
| Saksnr: 2018/6322                    |
| Kommune<br>Meland                    |
| Namn på den som svarar<br>Helge Kvam |
| Stilling<br>Seniorrådgjevar          |

| Krisesentertilbud   |
|---|
| Kva krisesentertilbud har kommunen til barn, personar med funksjonsnedsettingar, psykisk lidning, personar med rusproblem og eldre utsett for vald?<br>Meland kommune sikrar tilbod om krisesenter via vedtak i kommunestyret sak 22/2014. Her har Meland etablert samarbeidsavtale med Bergen kommune (vertskommune) om krisesentertilbud jfr lov av 19. juni 2009 nr. 44 om kommunale krisesentertilbud.  |
| Korleis følgjer kommunen med på at krisesentertilbudet er tilrettelagt og eigna for desse gruppene?<br>Viser til samarbeidsavtalen punkt b) Oppgaver og avgjørelsesmyndighet som legges til vertskommunen, punkt d) Underretning til samarbeidskommunene, samt punkt g) Samarbeidskommunenes ansvar for å holde seg orientert og for å melde fra om svikt inklusiv deltakelse i fagutvikling. Kommunen har pt ikkje fått eller sjølv levert klage på tenesteyting til innbyggjarar frå Meland ved krisesenteret. Imidlertid burde Meland kommune vore meir aktiv med omsyn til å halde seg orientert om korleis oppdraget vert utført. Dette ansvaret vert meir intensivert frametter, både grunna bygging av Alver kommune samt at Bergen kommune har varsla endring i drift av krisesenter. Ein avventer no fellesmøte med Bergen kommune med omsyn til drøfting av m.a. framtidige/nye rutiner for oppfølging og rapportering. |
| Har kommunen utført kontroll med krisesentertilbudet?<br><input type="checkbox"/> Ja<br><input checked="" type="checkbox"/> Nei   |
| Kva dato gjennomførte kommunen sist kontroll med krisesentertilbudet?   |
| Legg ved notat/rapport frå siste gjennomgang  |

| Valdsutsette  |
|---|
| Korleis sikrar kommunen at vaksne valdsutsette får samordna tenester?<br>Meland kommune forvaltar og yt tenester utifrå gjeldande lovkrav. Kvart einskild tenesteområde som t.d. NAV, Helse, Omsorg har sjølvstendig ansvar for oppfølging, tenesteyting samt å gje naudsynt informasjon til personar med hjelpebehov. Vidare nyttar ein tverrfagleg samhandling og samordning mellom ulike kommunale tenesteområder samt politi der ein vurderer trong for det. Dette er t.d. Tverrfagleg prosedyre TF 2 – Kommunal ressursgruppe for psykososiale krisesituasjonar samt TF 15 – Vald og seksuelle overgrep. |
| Kva instans/-ar i kommunen er det som har ansvar for å følgje opp vaksne under opphald på krisesenteret og i rehabiliteringsfasen etter opphald?<br>Oppfølgingsansvar vert avklart i kvart einskild høve når kommunen er kjend med at ein person frå Meland har opphald på krisesenter. Om ein nyttar ein tverrfagleg prosedyre/samhandling er det m.a. aktuell ressursgruppe som samordner og utformer ansvars- og oppgåvedeling.  |

Korleis sikrar kommunen at valdsutsette barn får eit samordna tilbod medan dei bur på krisesenteret og i reetableringsfasen?

Meland kommune forvaltar og yt tenester utifrå gjeldande lovkrav og individuell vurdering. Kwart einskild tenesteområde som t.d. Barnevern, NAV, Helse, Omsorg og oppvekst/skule har sjølvstendig ansvar for oppfølging, tenesteyting samt gje naudsynt informasjon til personar med hjelpebehov. Vidare nyttar ein tverrfagleg samhandling og samordning mellom ulike kommunale tenesteområder samt politi der ein vurderer trong for det. Dette er t.d. TF 2 – Kommunal ressursgruppe for psykososiale krisesituasjonar, TF 15 – Vald og seksuelle overgrep.

### Oppfølging

Kva instans/teneste i kommunen har eit særleg ansvar for oppfølginga av barna?

Barneverntenesta har eit særskilt ansvar. Meland deltar i interkommunalt konsultasjonsteam saman med Austrheim og Radøy. Teamet arbeider for barn/unge som er utsett for eller vitne til vold og/eller seksuelle overgrep. I tillegg skal konsultasjonsteam bidra med råd og rettleiing til dei som arbeider med barn. Konsultasjonsteam har slik fokus på avdekking, sikring og hjelp.

Kva tiltak har kommunen iverksett for å sikre at tilsette i NAV, barnevern, helsetenestene, skule og barnehage har nødvendig kunnskap om vald i nære relasjonar?

Kommunen nyttar Strategisk kompetanseplan 2018-2019 på overordna nivå kombinert med lokale kompetanseplanar for det einskilde tenesteområde 2018-2019. Vidare vil Barnevern inklusiv konsultasjonsteam bidra med råd og rettleiing til dei som arbeider med barn og unge. Kommunen har og samarbeidsavtale med SMISO Hordaland for perioden 010117-311219, der SMISO årleg gjev informasjon og rettleiing til alle barneskular på 6.trinn. Alle barnehagar er kjent med tilbod om kurs/rettleiing frå SMISO. Rektorane i Meland skulen er kjent med kvar dei kan søke råd, rettleiing og bistand ved behov.

Kor mange av kommunes tilsette har fått opplæring/fagleg oppdatering om vald i nære relasjonar det siste året, og kva for tenester er dei tilsett i ?

Utfordrande å svare på då ein pt ikkje fører samordna statistikk på tal tilsette innan ulik opplæring/fagleg oppdatering. Dei ulike tenesteområda har ulik fagkompetanse (grunnutdanning og vidareutdanning) i tillegg nyttar ein seg av ulike typer kurs og nettverksamlingar. Kwart tenesteområde er sjølv ansvarleg for å halde seg fagleg oppdatert via lokale kompetanseplanar og vurdering av kurstilbod som t.d.

<https://www.fylkesmannen.no/nn/Hordaland/Kurs-og-konferansar/Konferanse-om-barn-utsett-for-vald-og-overgrep/>

På kva måte blir innbyggjarar informerte om kommunens krisesentertilbud?

Kwart einskild tenesteområde har informasjonsansvar om krisesentertilbud, samt at ein informerer i ulike tverrfageleg team som t.s. helseteam i barnehage og skule.

Vidare informerer Meland kommune om tilbodet via kommunal nettside jfr link

<https://www.meland.kommune.no/barnevern.298774.nn.html>

### Kommentarer

Eventuelle kommentarar eller tilleggsopplysningar